



--

Arkiv saknr:	2016/233
Løpenr.:	3142/2016
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		

Sakshandsamar: Toril Nicolaisen

VisitTelemark - omorganisering

Vedlegg:

1. Høyringsdokument reiselivsorganisering i Telemark
2. Vedtekter Nye Visit Telemark
3. Forslag avtale Visit Telemark og bedriftene
4. Forslag til avtale Visit Telemark og kommunane
5. Presentasjon av høyringsnotatet

Dokument i saka:

Bakgrunn:

Regjeringa Stoltenberg la i april 2012 fram reiselivsstrategien «Destinasjon Norge» der « ein betre reiselivsstruktur» blei framheva som eit prioritert område. Det blei peika på fylgjande utfordringar :

- Det er behov for å definere hvilke selskapsstrukturer som er ønskelige, mulige og hensiktsmessige.
- Det er ønskelig med en tydelig fordeling av roller og arbeidsoppgaver.
- Det er nødvendig å finne frem til en robust og langsiktig finansieringsmodell av en organisatorisk løysning.

I Telemark blei organiseringsprosessen sett i gang i 2011 i regi av Telemark fylkeskommune (TFK) i samband med «Regionalplan for reiseliv og opplevinger i Telemark for 2012-2024» der organisering av reiselivet var eit prioritert tema. Elles var å skape tydelege roller var ei av hovudoppgåvene i handlingsprogrammet med fokus på sentrale oppgåver:

- a) Bedre organisering av forholdet mellom produktutvikling og markedsføring
- b) Skape et synlig vertskap for Telemark som besøksmål
- c) Avklare rollefordelingen mellom utviklingsaktørene.

Prosesen i Telemark stoppa opp i 2013 etter påtrykk frå bransjen om dårleg lokal forankring og ynskje om å setje arbeidet på vent til den nasjonale organiseringsprosessen var gjennomført for å finne optimal organisering i Telemark i forhold til denne. I den nasjonal prosessen har Telemark vore aktive med både i prosjektgruppe Sør-Norge og Fjell-Norge. Nærings- og fiskeridepartementet sende i juni 2014 ut ein kravspesifikasjon og rammer for kva som skulle leggjast til grunn for å få midlar til å gjennomføre prosjekt i dei ulike regionane. Telemark søkte då om midlar til å køyre prosess i eige fylke og med bakgrunn i dette bli føreliggjande høyringsnotat lagt fram.

Prosesen for omorganisering av reiselivet i Telemark har konkludert med at det pr. i dag er behov for to alternative tilknytingsmodellar til fellesapparatet Visit Telemark.

Høyringsdokumentet legg derfor fram to modellar for framtidig organisering og finansiering av selskapet :

1. « All in-modellen». Avvikle dei lokale destinasjonsselskapa og leggje dei lokale tenestene inn som destinasjonsservice i Visit Telemark. Her er det avtale mellom kommunen og Visit Telemark både om grunntenester og finansiering.
2. «Samarbeidsmodellen». Dette er ein modell der eksisterande regional eining bli vidareført som juridisk eining og ivaretek kommunens behov for ein del reiselivsoppgåver. Her er det avtale mellom destinasjonsselskap og Visit Telemark. I tillegg avtale mellom kommunen og destinasjonsselskapet eller mellom kommunen og Visit Telemark for den delen som gjeld grunntenester.

Det er elles lagt opp til at bedrifter som i dag kan ha eller kjøpe aksjar og som aksjonær kjøpe tenestar i Visit Telemark. I tillegg vil det bli mogleg for bedrifter både innan reiselivsnæringa og tilknytta næringar å ha ein tilknytingsmodell for eit forsterka samarbeid på tvers.

Dersom ein ynskjer tilleggstenester må dei kjøpast av Visit Telemark. Det gjeld spesielle marknadsopplegg, prosjekt m.m.

Ein viktig føresetnad for å oppnå resultat for reiselivet i Telemark er ein meir forutsigbar og langsiktig grunnfinansiering av aktiviteten i Visit Telemark. Det vil vera behov for monaleg offentleg finansiering og frå kommunane er andelen inn i grunnfinansieringa basert på ein faktor der tal på fritidsbustader, næringsomsetning og folketal inngår.

Framtidige Visit Telemark vil ha fylgjande primære finansieringskjelder:

- Telemark fylkeskommune (3 årig avtale med opsjon på ytterlegare 2 år) direkte med Visit Telemark.
- Kommunane i Telemark (3 årige avtaler med opsjon på ytterlegare 2 år) enten med lokal juridisk eining med øyremerkte midlar til Visit Telemark eller direkte med Visit Telemark.
- Reiselivsbedriftene i Telemark (årleg fornya avtaler) direkte med Visit Telemark.

Utfrå finansieringsmodellen er grunnfinansieringa frå kommunane ca 3,7 mill kroner. Vinje sin del er kr. 400.000,-.

For meir informasjon sjå vedlegga – Høyringsnotat Reiselivsorganisering i Telemark + dei utkast til avtaler.

Vurdering:

Reiseliv er eit stor og viktig næring i Vinje kommune. Det er bra at det no ligg føre forslag til organiserings- og finansieringsmodell for det organiserte reiselivsapparatet i Telemark. Forslaget byggjer på to alternativ til Visit Telemark. Det eine alternativet er avvikling av lokale destinasjonsselskap og leggje dei lokale tenestene inn som destinasjonsservice i Visit Telemark- såkalla « all-in». Det andre alternativet er å halde fram med eige lokalt destinasjonsselskap, men med gjensidig forpliktande avtale mellom Visit Telemark og det lokale selskapet som kjøp av tenester, fordeling av oppgåver og finansiering av desse – « samarbeidsmodellen». Det er arbeidd grundig med det føreliggjande forslaget, og det er viktig at kommunane og næringa no samlar seg om forslaget til modellen. I og med at det ligg to alternativ i modellen må ein håpe på at alle vil bli med inn i det nye Visit Telemark, og at det ikkje bli for mange spesielle krav og eller føresetnader som øydelegg for å få gjennomført forslaget.

For Vinje kommune er samarbeidsmodellen det aktuelle alternativet pr. dags dato. Dette kan endre seg over tid for reiselivsnæringa krev stadig høgare kompetanse m.a. som det kan vera lettare å få tak gjennom Visit Telemark. Rauland Turist AS er eit velfungerande destinasjonsselskap som kommunen har samarbeidd med i mange år, og dette samarbeidet bør vidareførast og vidareutviklast saman med Nye Visit Telemark.

Høyringsnotatet har innspelsfrist 01.03.2016 og målet er at å få politiske vedtak frå alle innan juli 2016.

Dersom det bli gjev tilslutning til - Forslag til organisering- og finansieringsmodell for det organiserte reiselivsapparatet i Telemark – frå kommunane, reiselivsnæringa m.fl. må det inngåast avtaler mellom partane. Desse kan enten behandlast politisk eller inngåast av rådmannen.

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Vinje kommune ser positivt på Forslag til organisasjons- og finansieringsmodell for det organiserte reiselivsapparatet i Telemark.**
- 2. Vinje kommune vil inngå i ein samarbeidsmodell mellom lokalt destinasjonsselskap (Rauland Turist AS) og Visit Telemark.**

Rådmannen, 17.02.16

Jan Myrekrok, rådmann /s/